

SYKKYLVEN KOMMUNE

Handlingsplan 2021

Omstillingsprogrammet 2021-2026



SKAPARGLEDE

Handsama av styringsgruppa: 01. desember 2020

Vedteken av kommunestyret i Sykkylven:

Innhold

Innholdsfortegnelse

1. INNLEDNING	3
1.1. Omstillingsplanen	3
1.2. Om handlingsplanen	3
2 Mål	4
2.1 Hovedmål for omstillingsarbeidet	4
2.2 Delmål	4
3 INNSATSOMRÅDER.....	5
3.1 Skaparglede i næringslivet.....	5
3.2 Opplevingsnæringar	6
3.3 Samarbeid og nettverk.....	7
3.4 Attraktive Sykkylven.....	8
4 BUDSJETT OG FINANSIERING	9
4.1 Finansiering 2021	9
4.2 Budsjett 2021.....	9

1. INNLEDNING

Omstillingsarbeidet skal bidra til å sikre eksisterande, og skape nye arbeidsplassar i eksisterande og nytt næringsliv i Sykkylven kommune. Det er sett eit måltal på til saman 170 arbeidsplassar i omstillingsperioden 2021-26. Arbeidet skal fokusere på skaparglede i næringslivet, opplevingsnæringar, samarbeid og nettverk og attraktive Sykkylven.

1.1. Omstillingsplanen

Omstillingsplanen beskriver innsatsområde, mål og ressursbruk for omstillingsarbeidet i Sykkylven i omstillingsperioden. Omstillingsarbeid er ein ekstraordinær innsats for næringsutvikling, avgrensa til seks år.

Arbeidet skal prioritere forstudie og forprosjekt. Gjennomføring av hovudprosjekt skal i større grad realiserast ved bruk av det ordinære offentlege verkemiddelapparatet.

Hovudoppgåva for omstillingsleiinga er å realisere tiltak og prosjekt i handlingsplanen.

Omstillingsplanen skildrar fire innsatsområde:

- 1 Skaparglede i næringslivet
- 2 Opplevingsnæringar
- 3 Samarbeid og nettverk
- 4 Attraktive Sykkylven

For kvart innsatsområde i omstillingsplanen er det utarbeid ulike strategiar. Desse er nærmare skildra i planen. Arbeidsplassmålet er periodisert og målsett.

1.2. Om handlingsplanen

Handlingsplanen er ein årleg konkretisering av omstillingsplanens innsatsområde med strategiar og tiltak. Tiltak og prosjekt som er vedteke gjennomført i handlingsplanen skal godkjennast av styret for omstillingsprogrammet før dei blir igangsette.

2 Mål

2.1 Hovedmål for omstillingsarbeidet

Hovudmålet for omstillinga er å bidra til å skape ein meir robust og variert næringsstruktur, gjennom å vidareutvikle eksisterande bedrifter og legge til rette for nyetableringar innan fleire bransjar. Det blir viktig å utvikle ein breidde i næringslivet for å redusere sårbarheita, og samtidig vidareutvikle dei lokale bedriftene gjennom kompetanseutvikling og auka samarbeid for å styrke konkurransekrafta. Omstillingsarbeidet skal og bidra til å styrke Sykkylven sin attraktivitet som næringslivs- og bustadkommune.

Det er sett eit måltal på til saman 170 nye og sikra arbeidsplassar i omstillingsperioden 2021-26. Tabellen nedanfor viser periodiserte mål for innsatsområda i omstillingsplanen. Arbeidsplassane blir dokumentert via brutto innrapportering av prosjektleiarrapportar frå enkeltprosjekt. Omstillingsprogrammet tel brutto arbeidsplassar i si rapportering.

Arbeidsplassar	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Sum
Skaparglede i næringslivet	10	15	25	25	25	30	130
Opplevingsnæringar	5	5	5	5	5	5	30
Samarbeid og nettverk	0	2	2	2	2	2	10
Attraktive Sykkylven	0	0	0	0	0	0	0
Sum mål arbeidsplassar	15	22	32	32	32	37	170
Akkumulert mål	15	37	69	101	133	170	170

2.2 Delmål

Delmålene i 2021 er som følger:

- 5 bedriftsutviklingsprosjekt i eksisterende næringsliv
- 5 bedriftsutviklingsprosjekt i opplevingsnæringar
- 3 nye bedrifter, derav 1 i opplevingsnæringar
- 4 kompetansetiltak i næringslivet
- 3 kompetansetiltak i opplevingsnæringar
- 1 aktive samarbeidsarenaer/nettverk med sekretariat
- 2 felles-/samarbeidsprosjekt mellom fleire bedrifter
- Gjennomført forstudie næringsvennleg kommune
- Etablert 1 fast møteplass mellom kommunen og næringslivet

3 INNSATSOMRÅDER

3.1 Skaparglede i næringslivet

Måltallet for arbeidsplassar er 10 for 2021 i henhold til omstillingsplanen.

Strategiar i 2021:

Strategiar	Tiltak	Delmål	Budsjett**	Admin*
A. Teknologi og marknad	Proaktivt arbeid for å avdekke og identifisere utviklingsprosjekt	Gjennomføre forstudie SMB utvikling Oppstart forprosjekt SMB utvikling	600.000	
B. Bedriftsretta tiltak	Støtte utviklingsprosjekt (forstudiar og forprosjekt) frå bedriftene	Iverksett minimum 5 prosjekter	1.000.000	
C. Kompetanse og rekruttering	Gjennomføre kompetansekartlegging som grunnlag for tiltak Gjennomføre kompetansehevande tiltak basert på kartlegging Støtte rekrutteringstiltak som sikrar bedriftene tilgang på kompetanse	Gjennomført kompetansekartlegging Iverksett minimum 4 kompetanse og rekrutteringstiltak	200.000 200.000	
Sum			2.000.000	300.000

* Administrativ innsats inneber proaktivt arbeid og prosjektoppfølgning.

** Prosjekteigarane sin eigenfinansiering, samt eventuell anna finansiering i prosjekta kjem i tillegg.

3.2 Opplevingsnæringar

Måtalet for arbeidsplassar er 5 for 2021 i henhold til omstillingsplanen.

Strategiar i 2021:

Strategiar	Tiltak	Delmål	Budsjett**	Admin*
D. Masterplan reiselivet	Gjennomføre masterplan reiselivet	Ferdigstille forstudie med prosjektrapport, iverksette forprosjekt masterplan for reiselivet	300.000	
E. Produkt og marknad	Støtte utviklingsprosjekt frå bedriftene som utviklar nye produkt og nye marknader for aktørane i opplevingsnæringane i Sykkylven. Tilby rådgiving/mentor støtte til bedrifter som har behov inn i utviklingsprosjekt.	Iverksett minimum 5 prosjekter	450.000	
F. Kompetanse	Avdekke kompetansebehov, samt initiere og gjennomføre kompetansehevande tiltak	Iverksett minimum 3 kompetansetiltak, deriblant gjennomføre kompetanseprogram for handels- og servicenæringa	200.000	
Sum			950.000	150.000

* Administrativ innsats inneber proaktivt arbeid og prosjektoppfølgjing.

** Prosjekteigarane sin eigenfinansiering, samt eventuell anna finansiering i prosjekta kjem i tillegg.

3.3 Samarbeid og nettverk

Måltallet for arbeidsplassar er 0 for 2021 i henhold til omstillingsplanen.

Strategiar i 2021:

Strategiar	Tiltak	Delmål	Budsjett	Admin*
G. Industri	Gjennomføre strategi og forankringsprosess knytt til behov for nettverk blant industribedriftene Vidareutvikle eksisterande samhandlingsarenaer for og i samarbeid med bedriftene	Strategiplan for industrinettverk Minimum 1 samarbeid/nettverksprosjekt	300.000	
H. Opplevingsnæringar	Støtte utvikling av reiselivsforum som arena for aktørane i opplevingsnæringane Legge til rette for samarbeidsarena mellom aktørane i landbruk og lokalmat. Bidra til å skape arena for samarbeid i skjeringspunktet mellom aktørane i reiselivet, opplevingar, lokalmat, design og kultur.	Iverksett minimum 3 felles-/samarbeidsprosjekt	400.000	
I. Møteplassar «co-work»	Proaktivt arbeid for å avdekke og identifisere moglegheiter knytt til møteplassar/«co-work» for bedrifter, gründerar og ungdom.	Forprosjekt for å vurdere etablering av «co-work» miljø	100.000	
Sum			800.000	250.000

* Administrativ innsats inneber proaktivt arbeid og prosjektoppfølgning.

** Prosjekteigarane sin eigenfinansiering, samt eventuell anna finansiering i prosjekta kjem i tillegg.

Målsetnaden er at samarbeid og nettverksprosjekt skal lede til utviklingsprosjekt som søker utviklingsmidlar under innsatsområde 1 og 2.

3.4 Attraktive Sykkylven

Det er ingen arbeidsplassmål for innsatsområdet Attraktive Sykkylven. Innsatsområdet er hovudsakeleg eit kommunalt ansvar. Området skal støtte opp under bustad og næringsattraktiviteten i Sykkylven.

Strategiar i 2021:

Strategiar	Tiltak	Delmål	Budsjett	Admin*
J. Næringsvennleg kommune	Gjennomføre forstudie næringsvennleg kommune	Kartlegge no situasjonen og definere forbetningsområde for næringsarbeidet i kommunen Oppstart forprosjekt	150.000	
K. Møteplassar og kommunikasjon	Etablere fast møteplass mellom kommunen og næringslivet Aktiv og samordna kommunikasjon	Etablert 1 fast møteplass Samordning av kommunikasjonsarbeidet med kommunen og SNU	200.000	
L. Sentrums utvikling	Involvere handelsforeining, eigedomsaktørar og eldsjeler i arbeidet med å utvikle sentrumsområda	Etablere prosjekt for å involvere handelsforeining, eldsjeler og eigedomsaktørar i arbeidet med areal-/reguleringsplan for sentrumsområda.		
M. Areal	Kartlegging og skildring av tilgjengelege tomteareal for næring og bustad, og ledige næringslokale og utleie bustader	Rapport over tilgjengelege tomter for næring og bustad, ledige næringslokale og utleie bustader	50.000	
Sum			400.000	200.000

* Administrativ innsats inneber proaktivt arbeid og prosjektoppfølgning.

** Prosjekteigarane sin eigenfinansiering, samt eventuell anna finansiering i prosjekta kjem i tillegg.

4 BUDSJETT OG FINANSIERING

4.1 Finansiering 2021

Finansiering	Andel i %	2021
Møre og Romsdal fylkeskommune	75 %	4 000 000
Sykkylven kommune/Sykkylven Industri og næringslag	25 %	1 400 000
Total	100 %	5 400 000

4.2 Budsjett 2021

Innsatsområde	Program-aktivitet	Søkbare midler	Administrasjon	Totalramme
Skaparglede i Næringslivet	1.000.000	1.000.000	300.000	2.300.000
Opplevingsnæringar	500.000	450.000	150.000	1.100.000
Samarbeid og nettverk	800.000	0	250.000	1.050.000
Attraktive Sykkylven	400.000	0	200.000	600.000
Administrasjon	0	0	350.000	350.000
Totalt	2.700.000	1.450.000	1.250.000*	5.400.000

*Administrasjon inneber proaktivt arbeid og prosjektoppfølgning.

Prosjekteiernes egenfinansiering samt eventuell annen finansiering i prosjektene kjem i tillegg. Det er eit uttalt mål at omstillingsmidlane skal bidra til å utløyse andre midlar. Det blir lagt til grunn at PLP skal brukast i alle prosjekt. PLP er ein prosjektstyringsmetode og eit begrepsapparat, utvikla av Innovasjon Norge. PLP opererer med faseinndelt prosjektgjennomføring, fast organisering og faste roller, tydeleg avgjerdsprosess og gode rutinar for oppfølging og kvalitetssikring. PLP legg vekt på personleg ansvar, forpliktande samarbeid og resultat. Sjå meir på www.regionalomstilling.no.